



Tysnes kommune  
Rådhuset  
5685 UGGDAL

Dato: 16.09.2014  
Vår ref.: 2014/18785-3  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til områdeplan for Våge sentrum - Tysnes kommune

Vi viser til brev datert 03.07.2014 om høyring av forslag til områderegulering for Våge sentrum. Vi viser og til tidligare korrespondanse i saka, samt synfaring i Våge sentrum med representantar frå kommunen og plankontor 21.08.14. Hordaland fylkeskommune har fått utsatt frist til 29.10.14 for å gi fråsegn til planen.

Hovudføremålet i planen er å utvikla Våge til ein attraktiv stad og eit sterkt senter. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan 2011 - 2022. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Våge er omtala som Tysnes kommune sitt handelssenter og den største tettstaden i kommunen. Planen har som føremål å oppretthalda og styrkja dette, og samstundes leggja til rette for næringsutvikling, og for at Våge skal vera til ein god stad å bu.

I planskildringa går det fram at mykje av bustadmassen i Våge i dag er nytta som fritidsbustader. Dette er ei utfordring som bør omtalst noko meir i planomtalen, både omfang av fritidsbustader i dag, og målsetjingar og tiltak for framtida.

Det går no føre seg viktig planarbeid for ny E 39 mellom Akسدal og Bergen. I planomtalen slår ein fast at eksisterande ferjedrift frå Våge vil verta vidareført komande 10 år, og går ikkje nærare inn på denne problemstillinga. Vi saknar her ei vurdering av konsekvensar for utviklinga av Våge ved etablering av ny E39.

Det er i planen lagt stor vekt på å setja tydelege krav og rammer for tiltak gjennom føresegnene. Vi vurderer føresegnene som tenlege, men på nokre punkt litt for detaljerte; sjå under arkitektur og estetikk.

### Areal og transport

Områdeplanen har som føremål å skapa ei tettare busetjing med betre utnytting av areala, redusert transportbehov og etablering av nytt areal i sjø ved utfylling. Vi vurderer det slik at planen vil bidra til dette.

### Arkitektur og estetikk

Det er ei målsetjing for kommunen at områdeplanen er så detaljert at den er tilstrekkeleg som heimel for at tiltak kan gjennomførast. Føresegnene er omfattande og detaljerte. Dette er positivt for å oppnå ei ønska utvikling. Kommunen bør likevel vurderer om føresegnene på nokre punkt er for detaljerte med omsyn til t.d. takvinklar, møneretning og takformer.

### Friluftsliv

Planområdet ligg i eit område som er definert som viktig friluftsområde. Planen legg vekt på tilrettelegging for friluftsliv og aktiv bruk av området og vi har ikkje merknader til dette.

### Folkehelse

Folkehelse er særskild fokusert i planomtalen og det er lagt vekt på trafikktryggleik, etablering av aktivitetsområde, grøntområde, tilrettelegging av gjennomgåande gangvegar og fortau, og god tilgang til sjøen både for båtliv og bading. Vi vurderer det slik at omsynet til folkehelse er ivaretatt i planen.

### Klima og energi

Planen fokuserer ikkje på klima- og energispørsmål. Det vert lagt til grunn at Tysnes er tynt befolka med avgrensa kollektivtilbod og at bilen vil vera det viktigaste transportmiddelet og i framtida. Planen legg dette til grunn for føresegner om parkering.

Regional klimaplan 2010 – 2020 har som mål å redusera energibruken med 20% frå 2007 til 2020, og 20% reduksjon av utslepp frå vegtransport frå 1991 til 2020.

Vi har ønske om at det i føresegnene, eventuelt i planomtalen vert sett krav til, eller lagt føringar for tiltak som vil medverka til at Hordaland når dei regionale klimamåla.

### Kulturminne og kulturmiljø

#### *Automatisk freda kulturminne i planområdet*

Det er registrert fem automatisk freda kulturminnelokaliteter innafor planområdet:

- Askeladden-id 25633, heller – H730\_3
- Askeladden-id 66526, gravrøys – H730\_2
- Askeladden-id 60632, nausttuft – H730\_1
- Askeladden-id 170753, bosetnings-aktivitetsområde – H730\_1
- Askeladden-id 99953, bosetnings-aktivitetsområde. Lokaliteten er arkeologisk undersøkt i samband med tidligare tiltak

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering innafor planområdet i perioden 8.-15.7.2013. Vi viser til brev med vedlegg dagsett 27.11.2013 for utfyllande info.

Alle spor av førhistorisk art er automatisk freda etter §4 i kulturminnelova. Kulturminnelokalitetane i planen er i dag markert i plankartet med omsynssone D, bandlegging etter kulturminneloven - sosikode H730. Lokalitetane med Askeladden-id 60632, Askeladden-id 66526 og Askeladden-id 170753 ligg i område avsett til arealformål Grønstruktur, og ligg i omsynssone C, bevaring kulturmiljø - sosikode H570. Dette er i tråd med tidligare tilbakemeldingar frå Hordaland fylkeskommune.

### Tilrettelegging og formidling

Tre av kulturminna innafor planen ligg høveleg til for tilrettelegging og formidling til publikum, til dømes ved skilting. Dette gjeld dei to lokalitetane på Vågsneset (Askeladden-id 60632 og 170753), samt gravrøysa

(Askeladden-id 66526) på Kuholmen. Gravrøysa ved Kuholmen ligg inne på Hordaland fylkeskommune si liste over prioriterte kulturminne for tilrettelegging og skjøtsel gjennom Riksantikvaren sitt BARK-program (Bevaring av arkeologiske kulturminner). Det kan vere tenleg å inkludere i planen sine føresegner at det skal utarbeidast skjøtelsplan for kulturminna.

#### *Konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet*

I plankartet som er lagt ut på offentleg ettersyn stemmer ikkje dei markerte kulturminneområda for Askeladden-id 60632 og Askeladden-id 170753 overeins med oppmålingane i Askeladden. Korrekte oppmålingar er lasta ned frå Askeladden og sendt kommune og plankontor 1.9.14.

Slik planen no ligg føre er den i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er to områder der det er konflikt, heretter omtalt som område 1 og 2. Sjå vedlagt kart 1 for utstrekning av kulturminna sett i forhold til plankartet og områda med konflikt. Områda blir beskrivne under:

#### Område 1:

Her skal det gjerast til utbetring av vegen ut til Vågsneset. I følge plankartet går dagens veg og vegskulder ca. 1-0,5 meter inn sikringssona til Askeladden-id 60632, H730\_1. På synfaring 21.8.14 med kommunen og plankontor vart det fortalt at eit tiltak knytt til utbetring av veg vil gå frå dagens vegskulder på sørsida og verta utvida på nordsida. Vegen skal ikkje hevast, men utvidast mot nord.

#### Område 2:

Det er planlagt ein gang- og sykkelsti, o\_SGS8, som skal gå tvers over Vågsneset. På synfaring 21.8.14 med kommunen og plankontor vart det fortalt at tiltaket skal vera universelt utforma med ei breidde på tre meter. Traseen slik den er vist i plankartet går gjennom austsida av sikringssona til Askeladden-id 170753, H730\_1.

#### *Innspel til plan og føresegn automatisk freda kulturminne*

Hordaland fylkeskommune kan ikkje godkjenne ein plan som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Under kjem vi med innspel til løysingar og endringar i planen. Vi vil gå til motsegn om delar av planforslaget ikkje vert revidert.

Tiltaket knytt til utbetring av veg på Vågsneset, område 1, slik det er omtalt i planen som er lagt ut på offentleg ettersyn gjev grunnlag for motsegn. Etter ei vurdering av funnomstende og bevaringspotensiale meiner Hordaland fylkeskommune at ein i område 1 kan rå kommunen om å søkje Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova for den råka lokaliteten Askeladden-id 60632, H730\_1. Planlagde tiltak som skal gjerast innafør sikringssona skal skje i eit området som allereie er råka av dagens veg.

For område 2 rår vi til at den planlagde traseen for turstien over Vågsneset vert endra slik at den ikkje kjem i konflikt med Askeladden-id 170753, H730\_1. Tiltaket slik det er omtalt i planen som er lagt ut på offentleg ettersyn gjev grunnlag for motsegn.

Omsynssone H370\_1 inneheld to separate kulturminnelokaliteter med sikringssoner på Vågsneset. Vi rår til at denne vert delt opp i to omsynssoner med kode H370.

Omsynsone H570\_6 er knytt til kulturminna, Askeladden-id 60632 og Askeladden-id 170753, H730\_1. Vi ber om at avgrensinga for BFS6 vert trekt ut av omsynssona. Gang- og sykkelvegane O\_SGS8 og O\_SGS9 går høvesvis gjennom og langs sørlig kant av omsynssone H570\_6. Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje blir køyrd over eller gjort inngrep i sikringssonene til kulturminna. Vi ber om at utforminga på gang- og sykkelstiane og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtalt i føresegnene.

Omsynssona H570\_8 er knytt til kulturminnet med Askeladden-id 25633, H730\_3. BFS8 har same utstrekning og er regulert til arealformål Frittliggjandesmåhus. Vi ber om at BFS8 vert gjort om til Grønstruktur då planlagd arealformål og føresegn ikkje let seg kombinera med føremålet til omsynssona.

Omsynssona H570\_7 er knytt til Askeladden-id 66526, H730\_2. Vi ber om at avgrensinga for BSB1 og BFT vert trekt ut av omsynssona. I føresegna for desse to område må det takast omsyn til nærleiken til omsynssona, samt kyrkja i bakkant, knytt til sikt, skjemming o.l.

Området o\_ST1 er regulert til arealformål torg. Hordaland fylkeskommune har i fråsegn til oppstartsmelding stilt seg kritisk til utfylling i Sjevågen av slikt omfang at det stenger att draget på sørsida. Området ligg inntil omsynssone H570\_6. Dei registrerte kulturminna på Vågsneset har ei tilknytning til sjø og sjøvegen. I draget på Vågsneset er dei allereie inneklemt i nord av eksisterande tilkomstveg, og det er viktig at ei utfylling sør for draget ikkje har ein utilbørleg skjemmaende verknad i høve dei kulturminna som er kjent i området. Ved opparbeiding av området o\_ST1 må ein unngå å skade viktige landskapstrekk som overgangen mellom sjø og land. Utfyllinga bør avgrensast på ein slik måte at den tek vare på kvalitetane for kulturminna og kulturlandskapet. Vi rår til at utfyllinga i større grad følgjer dagens landskap og trappast ned mot vatnet for å gi en god tilpassing til eksisterande landskap. Føresegna knytt til området må sikra fri sikt og kontakt mot sjø for kulturminna i omsynssone H570\_6.

SPA5 grenser til omsynssone H570\_6. Føresegna knytt til området må sikra fri sikt og kontakt mot sjø for kulturminna i omsynssone H570\_6.

SGS2 går inn i omsynssone H570\_7. Føresegna knytt til området må sikra at kulturminnet knytt til omsynssone H370\_2 ikkje vert utilbørleg skjemma. Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje vert kjørt over eller gjort inngrep i sikringssonene til kulturminna. Vi ber om at utforminga på gang- og sykkelstien og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtala i føresegnene.

Vi ber om at dei fire avsnitta under vert sett inn i føresegnene knytt Bandlegging etter lov om kulturminne; I omsynssone LKM1-3 er følgjande kulturminne er freda etter Kulturminneloven § 4 (automatisk freda):

- Askeladden-id 25633, heller – H730\_3
- Askeladden-id 66526, gravrøys – H730\_2
- Askeladden-id 60632, nausttuft – H730\_1
- Askeladden-id 170753, bosetnings-aktivitetsområde – H730\_1

Til kulturminna hører det ei sikringssone med radius fem meter utanfor kulturminne si synlege avgrensing, jf. Kulturminneloven § 6.

Areala er bandlagt etter Kulturminneloven § 3: "Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 (tillatelse til inngrep) sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemma automatisk fredet kulturminne eller fremkall fare for at dette kan skje.

Er marken over et automatisk fredet kulturminne eller innenfor en sikringssone, tidligere nyttet til beite eller innmark, kan den fortsatt nyttes til disse formål hvis ikke vedkommende myndighet bestemmer noe annet. Uten tillatelse av vedkommende myndighet må det ikke foretas pløying og annet jordarbeid dypere enn tidligere."

Planen er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne og gjev grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune. Vi ber Tysnes kommune gi tilbakemelding på om ein ønskjer å oppretthalde planforslaget slik det ligg føre, søkje om dispensasjon frå kulturminnelova eller om ein ønskjer å revidere planforslaget slik at dei automatisk freda kulturminna bevarast i planen. Ei mulig løysing vil væra å endra traseen for tursti og søkja om dispensasjon for tiltak knytt til utbetring av veg som skissert over.

Det er Riksantikvaren som kan gje dispensasjon frå kulturminnelova. Vi gjer merksam på at eventuell dispensasjon vanlegvis vert gjeven på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Slike granskingar vert dekkja av tiltakshavar, jf §10 i kulturminnelova. Dersom saka skal sendast Riksantikvaren vil kulturminnevernet ha trong for ytterlegare utsett frist i saka for å handsame dispensasjonssøknaden.

Bergens Sjøfartsmuseum har varsla registrering innafor planområdet. Vi kan derfor ikkje gje endelig fråsegn til planen før resultatata frå registreringa er klare og forholda til kulturminna i planen er avklart.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at kommunen ikkje kan eigengodkjenne reguleringsplan som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dersom det er spørsmål eller merknader til ovannemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Anja Nordvik Sætre per epost eller telefon (55 23 99 98/90614008).

#### *Nyare tids kulturminne i planområdet*

Våge er eit område med store verdiar som er best tent med å bli teken vare på ut frå eigne landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetar.

Når det gjeld dei nye tiltaka i områdeplanen meiner vi spesielt at tiltak knytt til eksisterande kulturminne, kyrkjestaden og landskapet knytt til fjorden, er særleg viktig å løyse på ein god måte.

#### *Konflikt med nyare tids kulturminne i planområdet*

Planforslaget som er lagt ut på høyring tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til kulturminneverdiane på Våge. Vi vurderer at konsekvensutgreiinga er noko mangelfull då den ikkje gjer utfylgjande informasjon om tidfesting, tilstand, historikk m.m. om den eldre bygningsmassen i planen.

Slik vi ser det vil byggetiltaka i nærleiken til kyrkja, BSB1 og BFT, føra til at den nye bygningsmassen kan verta skjemma for Våge sentrum og kyrkjestaden Våge om dei ikkje får ei god utforming og dimensjonering. Våge kyrkje har ei heilt sentral plassering i dette park- og landskapsrommet og bør få stå som eit viktig signalbygg på kyrkjegarden og i tettstaden. Det viktig å halde på heilskapen og siktlinjer og sikre viktige kulturminne.

Vi ber om at BKB 12 som er regulert til omsynsone H570 vert utvida til å omfatte heile det samla gardstunet. Den gamle løa er ein del av det heilskaplege tunet.

For BKB7 vil vi be om at eksisterande byggegrense ikkje vert utvida då dette kan medføre direkte konflikt med eksisterande bygg på nabotomta som er regulert til vern.

Det same gjeld for BKB10, der byggegrensa ikkje må utvidast utover eksisterande byggegrense. Dette området er viktig å halde ope.

Når det gjeld BAA2 meiner vi at tiltaket ved Mandelhuset er viktig å halda fritt for ny bygningsmasse. Vi meiner tiltaket kan få negativ verknad på samanhengen i standsona i Våge. Dette gjeld særleg den eldre naustbebyggelsen, som er så karakteristisk for Våge, og som direkte vert råka av dette nye tiltaket. Slik vi ser det, er dette eit samanhengande bygningsmiljø, som er best tent med å verta teke vare slik det ligg i dag. Vi har forståing for at det er ynskje om å fortette i Våge sentrum, men planforslaget må omarbeidast slik at kulturmiljøet vert betre teke vare på.

#### *Innspel til plan og føresegn nyare tids kulturminne*

Føresegnene må utformast slik at dei tek tilstrekkeleg omsyn til kulturminna, kyrkjestaden og kulturlandskapet knytt til fjorden når det gjeld utforming og høgd.

Vi ber om at ein tek dette inn i dei generelle føresegna: Kulturminne og kulturmiljø: *Kulturminne og kulturmiljø er ein del av dei ålmenne interessene i kommunen. Desse skal ivaretakast særskilt. Tiltak som kan ha verknad på eit kulturminne eller omgjevnadene skal ha gode visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve tiltaket sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnadene.*

#### *Føresegn om omsynsone:*

Omsynsone er eit viktig verkemiddel som gjer det mogleg å ivareta kulturminne, kulturmiljø og landskap. Medan arealføremålet syner framtidig eller noverande bruk av området, syner omsynsone omsyn og restriksjonar som er avgjerande for bruken av området.

Vi ber om at desse merknadene vert teke med i føresegnene: *Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne ( som til dømes sjøbruk) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og verte sett i stand, PBL § 11-9 nr 7.*

Vi ber om at det vert knytt følgjande retningslinjer til omsynsone C: *Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Saker som gjeld tiltak i omsynsone skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.*

#### Næringsutvikling

Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 peikar på trongen for innovasjon, kompetanse og tilgang til næringsareal. Planen legg til rette areal for etablering av ny næringsaktivitet, legg vekt på å styrkja sentrum og gjera det meir attraktivt, og lokaliserer næringsareala der det er god infrastruktur. Dette er løysingar vi vurderer er i samsvar med regional næringsplan og som vi er positive til.

#### Samferdsel

Ferjekaia og oppstillingsplassen ligg «midt i smørauget» i Våge, og planen som føreligg viser at kommunen også ser dette som ein svært sentral plass for utvikling av eit sentrum. Oppstillingsplass og veg til/frå ferja kan ikkje ha mindre kapasitet enn i dag. Skyss er difor opptekne av få vere med i den vidare planlegginga slik at trafikken vert avvikla på ein best mogleg måte. Dette er særleg viktig når ferja legg til kai og 70 -100 bilar skal i land.

#### Senterutvikling

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel som no er på høyring har som strategi at senter skal ha oppdaterte områdeplanar som gir ei heilheitleg og framtidsretta utvikling av sentera. Områdeplanen for Våge Sentrum er heilt i tråd med denne strategien.

#### Strandsone

Vi har merknader til planlegginga i strandsona når det gjeld naust. Føresegnene legg her til rette for at det kan installerast toalett i naust. Det vil bety at det og vert tillate å leggja inn vatn. Dette meiner vi er å leggja til rette for ei utholing av føremålet naust, og vil føra til at det vert vanskeleg å handheva føresegna (2.8.2.1) om at det ikkje er høve til å nytta naust til fritidsbustad eller bustad. Dersom det skal vera høve til å etablere toalett i naust, bør dette i føresegnene vera tydeleg avgrensa, t.d. til naust der det i samband med sjøbasert næring er behov for, og vert dokumentert, lang tids opphald og arbeid i naust. Generelt bør det ikkje vera tillate å installere toalett i naust. Vi ber om at dette vert fjerna i føresegnene i alle underpunkt under 2.8.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngevinga er omsynet til kulturminne der vi ber om at det vert gjort endringar i føresegnene, at feil plassering av to kulturminne i plankartet vert retta opp og at det vert justeringar i høve til omsynsone. Vi

har vidare merknader når det gjeld naust i føresegnene. Vi ber om å verta orientert om korleis kommunen forhold seg til våre merknader.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Anja Nordvik Sætre, kulturminnevern og museum, kultur- og idrettsavdelinga

Gunnbjørg Austrheim, kulturminnevern og museum, kultur- og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, samferdselsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310